

- Største dagen i den nyare historia!

23.10.2008



Fire av uskedelingane som tok turen til opninga av storsentret var Esther og Odd Mørstad og Else og Einar Pile. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Dette er den største dagen i den nyare historia til Kvinnherad og Husnes, sa Anna Prestnes til Kvinnheringen då Husnes Storsenter med sine snart 50 butikkar og 250 ansatte vart offisielt opna torsdag føremiddag av ordførar Synnøve Solbakken. Også uskedelingane var godt representerte under den historiske hendinga, både foran og bak diskane.



Kommunestyret hadde møte på Husnes torsdag, men tok sjølvstilt ein pause for å vera med under opninga av storsenteret, som ordførar Synnøve Solbakken foretok. Her er ein trio frå Høgre saman med ein Venstremann: Gunn Mari Moberg (H), Leif Sverre Enes (H), Øyvind Utne (H) og Bjarne Lilleaas (V). Moberg og Lilleaas er frå Uskedalen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Tre års bygging, 35.000 kvadratmeter golvflate, 120.000 medgåtte arbeidstimar og ein halv milliard kroner i investering er andre tal som gjer inntrykk – likeså det faktum at dette er det største kjøpesenteret mellom Bergen og Haugesund..



Det er dimensjonar over Husnes Storsenter. Billetet vart teke under opninga torsdag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Denne storsatsinga til Mosvold & Co, Atle Helle Eigedom og Storebrand Eiendomsfond. meiner investorane skal ha som konsekvens at kvinnheringane ikkje lenger treng å handla utanfor kommunen. No skal det bli slutt på ein etter måten stor handelslekkasje.

Investeringsdirektør Sten Falkum i Mosvold & Co. seier til innsida.no at dei er komne langt på veg hvis dei klarar å stoppa minst halvparten av handelen som skjer utanom kommunegrensene. Han har tru på at alle butikkane skal greia seg.

Til jul skal det siste bygget stå ferdig. Det er ELKJØP-bygget.

Det blir mellom anna åtte klesbutikker, fire restaurantar og tre skobutikkar på Husnes heretter..

Seinare i haust skal det flotte uteområdet mellom storsenteret og Aksen med mellom anna kunstverk av Kjell Nupen vera fullført.

Men framleis har investorane eit ubebygd areal på 25.000-30.000 kvadratmeter i sentrum til disposisjon.

Falkum peikar på at det mellom anna manglar ein bilforretning og ein plantebutikk.

Av Ola Matti Mathisen